



Fedje FrP

VALPROGRAM FOR 2003-2007

UTFORDNINGANE DEI NESTE 4 ÅRA:

- Folketalsutviklinga- :

Den største utfordringa som Fedjesamfunnet står overfor dei komade åra, er å snu den negative folketalsutviklinga.

Me veit at langvarig nedgang i folketalet vil kunna føra til reduksjon i det offentlege- som det private tenestetilbudet i kommunen.

For å endra på denne negative trenden må det politiske arbeidet framover konsentrera seg om følgjande :

- 1) Ja-haldning/optimisme
- 2) Tiltakssjef
- 3) Nye arbeidsplassar
- 4) Idrettshall
- 5) Pleie og omsorg.

1. Fedje - ein kommune med ja-haldning :

Kommunen skal vera eit serviceorgan overfor innbyggjarane på Fedje. Lover og reglar skal følgjast, men folk må takast med på råd. Det er viktig at korrespondansen mellom kommune og feiing er god.

2. Tiltakssjef :

Det har skjedd lite nyskaping dei siste åra med omsyn til arbeidsplassar.

Fedje frp. meiner det er meir viktig enn nokon sinne at kommunen får ein "ny giv" for å kunna tileigna/utvikla det potensiale Fedje har som kommune like ved Nordsjøbassenget. Difor vil det vera viktig med ein tiltakssjef/næringskonsulent.

3. Nye arbeidsplasser :

- Næringspark-/bygg:

Aktivitet innan arbeidslivet er det viktigaste for framgang og vokster i kommunen. Kommunen manglar etter vår meining ein næringspark-/bygg for folk i etableringsfasen. Det er i dag mest uråd å få tak i tenleg areal til småindustri i kommunen.

- Offshore :

Det er etter **Fedje frp.** si meining potensiale for å kunna lagra utstyr til dømes for innstallasjonane i Nordsjøen til Fedje.

Her peikar industriområdet i Rognsvågen seg naturleg ut.

Med noko breiare innlaup til hamna ville det vera lettare for større båtar å ta seg inn. Som liggjehamn for fartøy som søkjer ly og med høve til bunkers, reoperasjonar, notbøting m.m.

- Fiskeri :

Det er viktig å oppretthalda Fedje som ein fiskerikommune, der nye båtprosjekt, fiskerimottak, isleveranse o.l. må få høg prioritet.

Me veit at det er vanskeleg å oppnå nye kvotar, men slik Fedje ligg plassert må det vera naturleg at kommunen får sin rettmessig del av fangstmengda.

- Reiseliv :

Reiseliv/turisme er eit satsingsområde for kommunen. Men bensinstasjon- og bunkerstilhøve må byggjast

betre ut. Samstundes veit me at

det i dagar med stor båttrafikk ikkje er fullgod kaiplass i Kyrkjevågen.

- Nettoløn for sjøfolk :

Det vil også vera viktig for Fedje at nettolønsordninga for sjøfolk vert innført også i slepebåttrafikken slik **frp.** ynskjer

- Sikkerheita i område rundt Fedje :

Fedje frp. har i lang tid engasjert seg mot å redusera bemanninga på trafikkentralen, samt flytting av oljeverndepotet.

Partiet vil heller aldri akseptera å flytta losformidlinga til

Kvitsøy, dette då området rundt Fedje har

den største konsentrasjonen av råoljetankarar i Norge.

Det fordrar store krav til sikkerheitstiltaka, som trafikkentral og oljevern. Det er derfor viktig at tiltaka heller vert styrka enn bygd ned.

- Innseglinga til Fedje hamn :

Frp. har sentralt fått gjennomslag for bevilgning til utbetring av Mulesundet.

Det er viktig for kommunen at utbetringa av innseglinga vert utført, slik at "MF Fedjefjord" i dårleg sikt og dårleg ver kan ta seg gjennom Mulesundet.

Samstundes er det viktig for sikkerheita å få merka innseglinga med lys der dette er naudsynleg både mot Sævrøy som mot Fedje.

4. IDRETTSHALL/KULTURHUS :

For at folk skal kunna bu og trivast i kommunen er fysisk fostring blant born og unge eit viktig element i dette.

Fedje frp. vil snarleg mogleg ha bygd ein idrettshall/kulturhus.

Me ynskjer at kommunen arbeider vidare med planane og med finansieringa.

- **Miljø :**

Fedje frp. finn det naturleg at forsøplaren betalar rekninga for oppryddinga av naturen. Me har i fleire høve teke opp kor skjemma det er når graset på bøane ikkje vert gjort noko med sommarstid.

Dette er ikkje noko fint skue for dei tilreisande, samstundes som graset langs vegkanten kan vera trafikkfarleg.

- **Vegane på Fedje :**

–

Fedje frp. har ved fleire høve i kommunestyret oppmoda kommunen til å søkja fylkeskommunen om forskottering av midlar til opprustning av fylkesvegane på Fedje. På budsjettmøte for 2003 fekk partiet fleirtal for dette. Likevel er dette ikkje følgd opp.

- **Utbetring av Stormark hamn :**

Storemark Båtförrening har gjort mykje for å skapa betre miljø og såleis trivsel rundt Stormark hamn. **Fedje frp.** meiner det er viktig at kommunen økonomisk støttar opp sine vedtak, og at Båtförreninga sjølv føretar prioriteringane for utbetringa av Storemark hamn.

- Bustadfelt/hyttfelt

Det er viktig at folk buset i kommunen. Derfor er stimulert bustadbygging viktig. Det er naudsynleg at kommunen på ein positiv måte støttar alle utspel frå folk som ynskjer etablera seg på Fedje.

Fedje frp. ynskjer byggjefelt også for hytter, gjerne basert på privat initiativ.

5. Pleie og omsorg :

Sjukeheimen:

Det er viktig for arbeidsmiljøet på sjukeheimen at antal ansatte står i høve til arbeidsoppgåvene. Fedje frp. vil derfor ha attende stillinga i pleie og omsorg.

Legevakt :

Fedje frp. går inn for å oppretthalda den legevaktsordninga som me har i dag.

- **Kyrkje-heim-skule :**

Me vil at kyrkja og skule skal ha så gode arbeidsvilkår som råd er. Foreldre/elev må få meir å seia for utforminga av skulen.

Frp. ynskjer å tryggja familien og ser på heimen som fundamentet for borna sin trivsel og framgang. Skulebygningen treng opprustning. Derfor er det viktig at det følgjeøkonomiske midlar til dette.

Økonomi :

Budsjetteringa må til ein kvar tid følgjast opp, då kommunen no meir enn før er nøydd til å halda kontroll på utgiftene.

Betre samarbeid:

For at kommunen skal kunna nå dei måla som er sett, er eit godt samarbeid mellom partia i kommunen særst viktig.

Lokaldemokrati:

1.Ottar Tangen

Fedje frp. ynskjer meir demokrati og mindre byråkrati. Partiet går mellom anna inn for å halda folkerøystingar i saker som er viktig for innbyggjarane.

Vårt ynskje er at samtlege ansettalsar i kommunen skal skje i kommunestyret, då me ser det slik at sakene på den måten vil få ein meir objektiv og rettferdig løysing.

” JA KOMMUNE ”

2. Inge Waage

3. Arild Ruud